




Fiskeri- og kystdepartementet  
Postboks 8118 Dep

0032 OSLO



Jondal kommune  
5627 JONDAL  
Tlf. 53 66 95 00  
Faks 53 66 95 10  
e-post [post@jondal.kommune.no](mailto:post@jondal.kommune.no)  
[www.jondal.kommune.no](http://www.jondal.kommune.no)  
Org.nr 944 439 927  
Bank 3450.07.08206  
Sakshandsamar:  
E-post [jon.larsgard@jondal.kommune.no](mailto:jon.larsgard@jondal.kommune.no)  
Tlf. 53 66 95 02

*Dykkar ref.*

*Vår ref.*

11/295-11 /JOL/13/1107

*Arkiv:*

N-634

*Dato*

22.03.2013

## HØYRINGSUTTALE TIL FORSKRIFT OM NYTT FORVALTNINGSREGIME I HARDANGERFJORDEN

Viser til høyringsbrev av 08.02.2013 om "Høyring av forskrift om nytt forvaltningsregime i Hardangerfjorden" frå Fiskeridepartementet, og vil med dette få koma med følgjande uttale i saka.

Jondal kommune ligg innanfor virkeområdet til forskrifta. Tre oppdrettselskap har i alt 8 lokalitetar for matfiskproduksjon og ein for smoltproduksjon og representerar om lag 20 arbeidsplassar i kommunen. Oppdrettsnæringa er såleis svært viktig for sysselsettinga i vår kommune som har opplevd ein betydeleg reduksjon i tal arbeidsplassar i perioden 2000 - 2010.

Tiltak som kan betra tilhøva for ei berekraftig utvikling av Hardangerfjorden er positivt. Det betyr mellom anna at dei ville lakse- og sjøaurestammene må sikrast gode vekst- og levevilkår. Det er seinare år innført ei rekkje nye forskrifter som skal medverka til dette. Frysforskrifta (2008), lakselusforskrifta (2012), soneforskrifta (2010), Nytek-forskrifta (2013) og PD-forskrifta er alle eksempel på det. Etter vår meining bør ytterlegare særfor skrifter først koma når ein kan evaluera effekten av dei som alt er iverksette. Ut frå tilstandskildringa i høyringsbrevet er det positive trekk å sjå særleg i høve til rømming og innslag av villfisk i bestanden.

I tillegg pågår det og eit samarbeid mellom Fiskeridirektoratet, Fylkesmannen i Hordaland, Mattilsynet, oppdrettsnæringa, elveeigarlag og kommunane om "Straktiltak i Hardangerfjorden" som og handlar om same tema. Frå fylkeskommunalt hald er det og fokus på området gjennom arbeidet med Vassregion Hordaland og Regional kystsoneplan for Sunnhordland og dei ytre kommunane i Hardanger. Hordaland fylkeskommune har og sendt




søknad om å få verta pilotfylke for heilskapleg forvaltning av havbruk. Her er mange arenaer for samhandling mellom næring, elveeigarlag og det offentlege som vil kunne gje vinstar når dei får tid til å verka.

Av kommentarar elles til sjøve forskrifta har vi følgjande:

- Konsekvensane av å innføra forskrifta vert av næringa sjølv vurdert som svært store, og vesentleg større (fire gonger meir) enn det departementet legg til grunn i høyringsbrevet. Det kan tyda på at regelverket ikkje er godt nok gjennomarbeidd, sidan verknadane vert vurdert så ulikt og til og med kan verta utilsikta.
- Det kan verka ulogisk at om produksjonen går godt, t.d. gjennom ei betra fiskehelse, som igjen fører til høgare produksjon, kan konsekvensen verta at produksjonen må reduserast fordi MTB-grensa vert overskriden.
- Lang overgangsperiode før iverksetjing kan verka produksjonsdrivande, ved at utnyttingsgraden av konsesjonane vert maksimalt utnytta før innføringa.
- Framlegget til regelverket seier ingenting om varigheita av tiltaket, og kva for målsettingar som må oppfyllest for at forskrifta kan opphevast.

Vår konklusjon er at intensjonen bak framlegget til Hardangerfjordforskrift er god, men det synest å vera usikkert kva ein oppnår av effekt på rømming og forekomst av lakselus utover det som andre iverksette tiltak bidreg til. Jondal kommune vil såleis rå frå at framlegget til forskrift om nytt forvaltningsregime i Hardangerfjorden vert innført.

Med helsing



Jon Larsgard  
ordfører